

Oslo, 12. juni 2007

Til
Olje- og energiminister Odd Roger Enoksen
Norges vassdrags- og energidirektorat

Småkraftutbygging: Bremsene på!

Norges Naturvernforbund sitt landsmøte, samla på Torpo 1.–3. juni, krev at regjeringa no må setje på bremsene for å hindre at utbygging av småkraftverk får eit så stort omfang at umistelege naturverdiar går tapt.

Dei siste åra har regjeringa lagt til rette for auka utbygging av småkraftverk, og talet på søknader og realiserte prosjekt har skote i veret. Vert alle planane for småkraftverk realisert, vil det norske naturlandskapet i kystfylka frå Rogaland og nordover blir endra dramatisk. Noreg er kjent for sin vassdragsnatur, og bekkar og små elvar som kastar seg utfor bratte fjellsider ned mot fjorden, er ein naturtype som knapt finst noko anna stad på jorda. No kan vatnet bli teke bort frå slike bekkar og elvar. Vassdragsnaturen tørkar inn, og tapet av biologisk mangfald aukar.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd retningsliner for fylkesvise planar for småkraftutbygging. Desse planane vil prioritere dei beste prosjekta. Men det vil ta eit par år før dei fylkesvise planane blir ferdige. Naturvernforbundet krev at NVE ikkje gir konsesjon til nye småkraftverk som ikkje inngår i ein fylkesvis plan eller kommunedelplan for vassdrag. Dersom bremsene ikkje vert slått på, risikerer vi at styresmaktene gir konsesjon til ei rad småkraftverk som seinare viser seg å ikkje innfri kriteriana i dei fylkesvise planane.

For Norges Naturvernforbund sitt sentralstyre



Lars Haltbrekken
leiar